

Referat frå møte nr. 74, 15. februar 2017

Dato: 21. februar 2017

Til stades: **Baard-Christian Schem**, Helse Vest RHF, leiar
Alf Henrik Andreassen, Helse Bergen HF (under sak 10 og 11)
Dag Rune Olsen, Universitetet i Bergen
Eyvind Rødahl, Universitetet i Bergen (fra sak 4)
Gunnar Mellgren, Helse Bergen HF
Jarle Eid, Universitetet i Bergen
Marit Solheim, Helse Førde HF
Nina Langeland, Universitetet i Bergen
Svein Skeie, Helse Stavanger HF
Tore Tungodden, Universitetet i Bergen
Berit Nygaard, observatør, Noregs forskingsråd
Frøydis Bruvik, observatør, private, ideelle institusjonar

Forfall: **Haldis Økland Lier**, Helse Fonna HF
Anne Kari Hersvik Aarstad, Universitetet i Stavanger
Kjell Bernstrøm, Universitetet i Bergen
Pål Berger, observatør, brukarrepresentant

Sekretariatet: **Ernst Omenaas**
Sølvi Lerfald (referent)

Saksnr.	Sak
Sak 01/2017	Godkjenning av sakliste og referat
Vedtakssak	Referatet frå møte 24. november 2016 vart godkjent. Innkalling til møte 15. februar 2017 vart godkjent.
Sak 02/2017	Presentasjon av strategisk satsing
	Professor og overlege Pål Rasmus Njølstad, prosjektleiar for den strategiske satsinga innan Persontilpassa medisin for barn og vaksne med diabetes (PERSON-MED-DIA), presenterte mål og status for satsinga som starta arbeidet i 2015. Personer med diabetes vil i framtida delast inn i nye subgrupper basert på kliniske, genetiske og metabolske utreiing. For å oppnå slik subgruppering tar ein utgangspunkt i ei samanslåing og forbetring av tilgjengelege diabetesregistre for å gje større moglegheit for å kartlegge årsak til diabetes. Njølstad trakk fram eksempel på kor langt ein er kome i å identifisere slike grupper. Meir informasjon om den strategiske satsinga er tilgjengeleg i RHF-a sitt forskingsregister: http://forskningsprosjekter.ihelse.net/prosjekt/912010
Sak 03/2017	Faglig rapport 2016
Vedtakssak	Sølvi Lerfald la fram hovudtrekk frå faglig rapportering 2016. Rapporten ser nærare på data frå 304 innleverte rapporter som omfattar forskarutdanning, forskningsprosjekt og strategiske satsingar finansiert av Helse Vest. Rapporten tek for seg mellom anna

	<p>fagleg klassifisering (HRCS), brukarmedverknad, forskingsproduksjon, inklusjon av pasientar, kliniske intervensjonsstudiar og godkjenning av prosjekt.</p> <p>Prosjekt med mindre omfattande rapporteringsplikt er også omtala i rapporten (mellom anna påskjøningsmidlar og insentivmidlar) Åtte prosjekt som har fått midlar gjennom Program for pasientsikkerhet har fått sitt eige avsnitt i rapporten. Det er første gong desse prosjekta nyttar eRapport for fagleg rapportering.</p> <p>Fagleg rapport 2016 er tilgjengeleg frå Helse Vest si nettside: https://helse-vest.no/vart-oppdrag/vare-hovudoppgaver/forsking/forskningsprosjekt. Trykt utgåve av rapporten vart delt ut på møtet.</p> <p>Vedtak:</p> <ul style="list-style-type: none"> • <i>Det regionale samarbeidsorganet tek Fagleg rapportering 2016 til orientering.</i>
Sak 04/2017	Presisering i retningslinjer for insentivprogram eksterne forskingsmidlar
Vedtaks sak	<p>Samarbeidsorganet etablerte i 2014 eit insentivprogram for eksterne forskingsmidlar. Insentivprogrammet inneheld tre tiltak; tilleggsfinansiering av forskingsmidlar frå Forskningsrådet og EU samt finansiering av mellomlegg for Marie Curie-stipend. I samband med fjorårets tildelingsprosess av tilleggsfinansiering for EU/NFR-midlar kom det fram at det er behov for presiseringar i retningslinjene for insentivprogrammet, då dei ikkje er heilt samstemte med det helseføretaka må rapportere til HOD. Per i dag står det i retningslinjene for insentivprogrammet at det er rekneskapsført aktivitet som skal leggjast til grunn, medan det er innbetalte midlar som skal rapporterast til NIFU (eventuelle utbetalingar til andre samarbeidande institusjonar skal synleggjerast og trekkast i frå). I tråd med intensjonen for insentivprogrammet er det ønskjeleg å samstemme retningslinjene slik at det er midlane som er innrapportert til NIFU/gir utteljing i HODs målesystem som skal leggjast til grunn i søknad om insentivmidlar frå Helse Vest og for å sikre at det blir gitt økonomiske insentiv for aktivitet som faktisk gir utteljing i helseføretaka sitt finansieringssystem.</p> <p>Nina Langeland orienterte om at Universitetet i Bergen vurderer å forsterke insentivordninga for dei som er koordinatore. Med utgangspunkt i ønskje om å samordne insentivordningane, bad ho om at saka vert tatt opp på eit kommande møte i samarbeidsorganet for forskning og innovasjon.</p> <p>Vedtak:</p> <ul style="list-style-type: none"> • <i>Det regionale samarbeidsorganet vedtar endringane i retningslinjene for insentivprogrammet i tråd med saka og dei innspela som blei gitt i møtet.</i>
Sak 05/2017	Oppfølging av tilbakemelding til søkjarar – opent utlyste midlar 2017
Vedtaks sak	Saka er unnateke offentlegheit.
Sak 06/2017	Felles oppdrag RHF/Universitet – oppdragsdokument 2017
Diskusjonssak	Helse Vest og Universitetet i Bergen har i 2017 fått i oppdrag å følgje opp rapporten frå den nasjonale arbeidsgruppa for samordning mellom universitet og helseføretak (Husebakk-utvalet). Oppdraga er formulert i oppdragsdokumenta frå Helse- og omsorgsdepartementet og frå Kunnskapsdepartementet. Samarbeidsorganet diskuterte

	på kva måte dette kan følgjast opp. Sekretariatet fikk i oppdrag å forberede ny sak til neste møte der aktuelle samarbeidssaker vert skissert. Det var semje om å inkludere alle aktuelle HF og UH-institusjonar i det vidare arbeidet.
Sak 07/2017	Evaluering av søknadsprosessen
Diskusjonssak	<p>Søknadsprosessen for 2017 vart gjennomført på vanlig måte med utlysing i juni, frist 15. september, arbeid i vurderingskomiteane frå slutten av september til komitémøta i uke 44 og 45, vedtak i samarbeidsorganet i november, og oppfølging av dei som har fått tildeling, samt tilbakemelding til alle søkjarar i desember 2016. Samarbeidsorganet diskuterte nokre punkt som treng avklaring før retningslinjer for søknadsprosessen 2018 kan utarbeidast:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Søknadskategorien korttidsstipend for fullføring av doktorgrad. Det vart ikkje tildelt korttidsstipend ved siste søknadsrunde. Hovudkomiteens leiar gjorde greie for bakgrunnen i si innstilling på samarbeidsorganets møte i november 2016, og samarbeidsorganet slutta seg til innstillinga. På oppdrag frå samarbeidsorganet, har sekretariatet gjennomgått søknadene om korttidsstipend i perioden 2009-2014. 86 av 91 stipendiatar som søkte stipend i denne perioden har disputert, uavhengig av om dei fekk eit korttidsstipend eller ikkje. Forskjellen er at 98 % av dei som fekk korttidsstipend har disputert, mot 92 % av dei som ikkje fekk stipend. Gjennomsnittleg tid frå søknad om korttidsstipend til disputas er 2,1 år for dei som fekk tildelt korttidsstipend, mot 2,4 år for dei som ikkje fekk tildelt stipend. Med utgangspunkt i dette ber samarbeidsorganet om at sekretariatet legg til rette for å avvikle søknadskategorien korttidsstipend for fullføring av doktorgrad. • Kliniske forskarstipend, mulig nye søknadskategori. Med utgangspunkt i innspel frå hovudkomiteens leiar, diskuterte samarbeidsorganet etablering av ein ny søknadskategori med fokus å stimulere og styrke utvikling av klinisk forskning i regionen. Sekretariatet fekk i oppdrag å skissere eit forslag til retningslinjer med utgangspunkt i følgjande: 1) Søkjar må ha gjennomført ein postdoktorperiode eller ha vore aktiv i tilsvarende tidsperiode etter avlagt PhD. 2) Søkjarinstitusjon må gå inn med eigenfinansiering på minimum 35 % av totalt søkjebeløp. 3) Det må avklarast om stipenda skal vere opne for helseprofesjonar eller alle tilsette i HFa. 4) Det må likeeins avklarast om det fortsatt skal lysast ut karrierestipend. • Retningslinjer for tilbakemelding og klagetilgang. Retningslinjene stadfester at søkjar har høve til å klage på saksbehandlingsfeil eller faktaopplysningar som blir brukt i grunngeving for avslag. Det er ikkje anledning til å klage på utøvinga av det faglege skjønnet i vurderinga. Det har hittil vore få klager, men tilbakemeldinga frå søkjarar tyder på at formuleringa om feil bruk av fakta kan tolkas som klager på utøving av skjønn. Samarbeidsorganet diskuterte klagetilgang med utgangspunkt i erfaring i Helse Vest og retningslinjer frå andre regionale helseføretak, og ber om at eksisterande retningslinjer vert presisert for å unngå mistyding. Det vil i denne omgang ikkje bli lagt inn krav om at klage skal fremjast gjennom søkjarinstitusjon. • Retningslinjer for karrierestipend. Samarbeidsorganet ber om at retningslinjene vert presisert slik at det blir lagt større vekt på å sannsynleggjere at søker skal bygge opp sitt eige forskingsmiljø. Om det skal lysast ut karrierestipend i kommande runde, vert avgjort seinare.

	<p>Konklusjon:</p> <ul style="list-style-type: none"> • <i>Med utgangspunkt i saken og innspela som kom fram i møtet, leggjast forslag til reviderte retningslinjer fram for samarbeidsorganet seinast på junimøtet 2017.</i>
Sak 08/2017	Forskingskonferansen 2017
Diskusjonssak	Forskingskonferansen 2017 vert arrangert 26. og 27. oktober 2017. Utkast til program for forskingskonferansen vart drøfta på møtet. Samarbeidsorganet ber om at det vert arbeidd vidare med programmet ut frå forslaga om emna persontilpassa medisin, ny MS-behandling (stamcelletransplantasjon), regionalt samarbeid mellom helseføretaka og UH-institusjonane, handlingsrom for forskning i ny LIS-utdanning, samt oppfølging av HO21-strategien.
Sak 09/2017	Strategiske midlar til rusforskning
Diskusjonssak	I tråd med vedtak i samarbeidsorganet, vart det lyst ut strategiske midlar til rusforskning hausten 2016 med frist 10. oktober. Det kom inn to søknader som vart sendt til vurdering i ekstern komité. Det vart vedtatt å ikkje tildele strategiske rusforskningsmidlar. Samarbeidsorganet diskuterte oppfølging av saka, og med utgangspunkt i innspela som kom fram i diskusjonen, vert det fremja ei sak til styret om bruk av midlane. Samarbeidsorganet ber om at det vert lagt fram ei sak om ledige strategiske midlar på neste møte i samarbeidsorganet for forskning og innovasjon.
Sak 10/2017	Representasjon i samarbeidsorganet
Diskusjonssak	Helse Bergen og Universitetet i Bergen har i brev datert høvesvis 30. januar og 13. februar 2017 kommentert styresaken om representasjon i nytt samarbeidsorgan for forskning og innovasjon. Dei 2 institusjonane har same syn på samansetjinga av samarbeidsorganet. Den nye ordninga trår i kraft 1. april 2017, og skal evaluerast etter eitt år.
Sak 11/2017	Orienteringssaker
Orientering	<ol style="list-style-type: none"> 1. Organisering av samarbeidsorgan – styresak Helse Vest 2. Tildeling samhandlingsmidlar 3. Tildelt mindre helseføretak 4. Midtvegsevaluering av Horisint2020 og posisjonar til EUs neste rammeprogram: innspel frå rektorane ved 8 norske universitet
	Eventuelt
	Ingen saker var meldt inn under eventuelt
<p>Dette var siste møte i det noverande samarbeidsorganet mellom Helse Vest og universiteta i regionen. Ny organisering av samarbeidsorgan mellom Helse Vest og UH-institusjonane i regionen trår i kraft 1. april 2017. Oppfølging av saker frå samarbeidsorganet vil bli løfta inn i nytt samarbeidsorgan for forskning og innovasjon. Møtedatoar avsett for 2017 vil førebels gjelde, og det første møtet i samarbeidsorganet om forskning og innovasjon vil truleg bli torsdag 20.04.2017 på Clarion Hotel Bergen Airport, kl. 10.30 – 14.30.</p>	